

► **B**

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 2003/88/EF

av 4. november 2003

om visse aspekt ved organisering av arbeidstida

(EØS-tillegget nr. 58 av 23.11.2006, s. 78)

Konsolidert tekst – bare for informasjonsformål

Rettet ved:

► **C1** Rettelser (2022/EOS/3/3)

EØS-tillegget nr. 13 av 3.3.2022, s. 2181

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSDIREKTIV 2003/88/EF

2006/EØS/58/16

av 4. november 2003

om visse aspekt ved organisering av arbeidstida(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 137 nr. 2,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen,

med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet⁽¹⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽²⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Rådskonferens 93/104/EF av 23. november 1993 om visse aspekter ved organisering av arbeidstiden⁽³⁾, der det er fastsett minstekrav til tryggleik og helse i samband med organisering av arbeidstida med omsyn til periodar for døgnkvil, pausar, vekekvil, øvre grense for arbeidstid per veke, årleg ferie og aspekt ved nattarbeid, skiftarbeid og arbeidsrytme, er vorte endra monaleg. Av omsyn til klarleiken bør dei aktuelle føresegnene konsoliderast.
- 2) I artikkel 137 i traktaten er det fastsett at Fellesskapet skal støtte og utfylle verksemda til medlemsstatane med sikte på å betre arbeidsmiljøet for å verne helse og tryggleiken til arbeidstakarane. Det bør unngåast at direktiv som vert vedtekne på grunnlag av denne artikkelen, pålegg administrative, økonomiske og rettslege byrder som er av ein slik art at dei motverkar skipinga og utviklinga av små og mellomstore føretak.
- 3) Føresegnene i rådskonferens 89/391/EØF av 12. juni 1989 om iverksetting av tiltak som forbedrer arbeidstakernes sikkerhet og helse på arbeidsplassen⁽⁴⁾ skal framleis nyttast fullt ut på dei områda som er omfatta av dette direktivet, utan at det rører ved strengare og/eller meir spesifikke føresegner i dette direktivet.
- 4) Betra tryggleik, hygiene og helse for arbeidstakarane på arbeidsplassen er eit mål som ikkje bør vere underordna reint økonomiske vurderingar.

- 5) Alle arbeidstakarar bør ha tilstrekkelege kvileperiodar. Omgrepet «kvile» må uttrykkest i tidseiningar, dvs. dagar, timar og/eller delar av desse. Arbeidstakarar i Fellesskapet må ha rett til minsteperiodar for døgnkvil, vekekvil og årleg ferie, og til høvelege pausar. I denne samanhengen er det òg naudsynt å setje ei øvre grense for talet på arbeidstimar per veke.
- 6) Det bør takast omsyn til prinsippa til Den internasjonale arbeidsorganisasjonen for organisering av arbeidstida, medrekna prinsippa for nattarbeid.
- 7) Forskinga har synt at menneskekroppen er meir følsam for uro i omgjevnadene og dessutan for visse slitsame former for organisering av arbeidet om natta, og at lange periodar med nattarbeid kan vere skadeleg for helse til arbeidstakarane og kan setje tryggleiken deira og den allmenne tryggleiken på arbeidsplassen i fare.
- 8) Periodane med nattarbeid, medrekna overtid, bør avgrensast, og det bør fastsetjast at arbeidsgevarar som jamleg nyttar nattarbeidarar, på oppmoding melder frå om dette til dei rette styresmaktene.
- 9) Det er viktig at nattarbeidarar får tilbod om ein gratis helsekontroll innan dei vert sette til arbeidet og deretter med jamne mellomrom, og at dei vert overførde til dagararbeid som dei er skikka til, dersom dei lir av helseproblem.
- 10) Situasjonen for nattarbeidarar og skiftarbeidarar krev at nivået for vern av helse og tryggleiken deira bør tilpassast den typen arbeid som dei utfører, og at vernetiltak og førebyggjande tenester og ressursar vert organiserte og verkar på ein effektiv måte.
- 11) Visse arbeidsvilkår kan ha skadeleg innverknad på tryggleiken og helse til arbeidstakarane. Organiseringa av arbeidet i samsvar med ein viss rytme bør ta omsyn til det allmenne prinsippet om at arbeidet skal tilpassast mennesket.
- 12) Ei europeisk avtale om arbeidstid for sjøfolk vart sett i verk ved rådskonferens 1999/63/EF av 21. juni 1999 om avtalen om organisering av sjøfolks arbeidstid inngått mellom Sammenslutningen av skipsredere i Den europeiske union (ECSA) og Sammenslutningen av transportarbeiderforbund i Den europeiske union (FST)⁽⁵⁾ på grunnlag av artikkel 139 nr. 2 i traktaten. Føresegnene i dette direktivet bør difor ikkje nyttast på sjøfolk.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 299 av 18.11.2003, s. 9, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 45/2004 av 23. april 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg XVIII (Helse og sikkerhet på arbeidsplassen, arbeidsrett og lik behandling av kvinner og menn), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 43 av 26.8.2004, s. 11.

(1) TEU C 61 av 14.3.2003, s. 123.

(2) Europaparlamentsfråsegn av 17. desember 2002 (enno ikkje offentliggjord i TEU) og rådsavgjerd av 22. september 2003.

(3) TEF L 307 av 13.12.1993, s. 18. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådskonferens 2000/34/EF (TEF L 195 av 1.8.2000, s. 41).

(4) TEF L 183 av 29.6.1989, s. 1.

(5) TEF L 167 av 2.7.1999, s. 33.

- 13) Når det gjeld «andelsfiskarar» som er arbeidstakarar, er det opp til medlemsstatane, i medhald av dette direktivet, å avgjere vilkåra for rett til og tildeling av årleg ferie, medrekna reglane for betaling.
- 14) Særlege standardar som er fastsette i andre fellesskapsdokument med omsyn til t.d. kvileperiodar, arbeidstid, årleg ferie og nattarbeid for visse kategoriar arbeidstakarar, bør ha førerang framfor føresegnene i dette direktivet.
- 15) Av omsyn til dei spørsmåla som kan melde seg i samband med organisering av arbeidstida i eit føretak, bør det opnast for ein viss fleksibilitet i bruken av visse føresegner i dette direktivet, samstundes om det vert sikra at prinsippa om vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane vert etterlevde.
- 16) Det må fastsetjast at medlemsstatane eller partane i arbeidslivet, alt etter korleis det høver, kan få unntak frå visse føresegner i dette direktivet. Som ein allmenn regel ved eventuelle unntak bør dei arbeidstakarane som det gjeld, få tilsvarende kompensasjon i form av kviletid.
- 17) Dette direktivet bør ikkje påverke den plikta som medlemsstatane har med omsyn til fristane for innarbeiding av dei direktiva som er førde opp i vedlegg I del B —

VEDTEKE DETTE DIREKTIVET:

KAPITTEL 1

VERKEOMRÅDE OG DEFINISJONAR

Artikkel 1

Føremål og verkeområde

1. I dette direktivet er det fastsett minstekrav til tryggleik og helse i samband med organisering av arbeidstida.
2. Dette direktivet skal nyttast på:
 - a) minsteperiodar for døgnkvil, vekekvil og årleg ferie, på pausar og på den øvre grensa for arbeidstid per veke, og
 - b) visse aspekt ved nattarbeid, skiftarbeid og arbeidsrytme.
3. Dette direktivet skal nyttast på alle sektorar innanfor offentleg og privat verksemd, i medhald av artikkel 2 i direktiv 89/391/EØF, utan at det rører ved artikkel 14, 17, 18 og 19 i dette direktivet.

Dette direktivet skal ikkje nyttast på sjøfolk slik det er definert i direktiv 1999/63/EF, utan at det rører ved artikkel 2 nr. 8 i dette direktivet.

4. Føresegnene i direktiv 89/391/EØF skal nyttast fullt ut på dei tilhøva som er nemnde i nr. 2, utan at det rører ved strengare og/eller meir spesifikke føresegner i dette direktivet.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette direktivet tyder

1. «arbeidstid» alle periodar då arbeidstakaren er i arbeid og står til rådvelde for arbeidsgjevaren, og utfører verksemda si eller pliktene sine i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis,
2. «kviletid» alle periodar som ikkje er arbeidstid,
3. «nattid» alle periodar på minst sju timar, slik det er definert i nasjonal lovgjeving, og som i alle tilfelle må omfatte tidsrommet mellom kl. 00.00 og 05.00,
4. «nattarbeidar»
 - a) på den eine sida alle arbeidstakarar som normalt arbeider minst tre timar av den daglege arbeidstida si om natta, og
 - b) på den andre sida alle arbeidstakarar som truleg kjem til å arbeide ein viss del av den årlege arbeidstida si om natta, slik det er fastsett av den medlemsstaten som det gjeld, anten
 - i) ved nasjonal lovgjeving etter konsultasjon med partane i arbeidslivet, eller
 - ii) ved tariffavtaler eller avtaler som er gjorde mellom partane i arbeidslivet på nasjonalt eller regionalt plan,
5. «skiftarbeid» all organisering av arbeidet i skift som inneber at arbeidstakarar avløyser kvarandre på dei same arbeidsplassane etter ein viss rytme, medrekna etter ein rulleringsplan, og som kan vere samanhengande eller usamanhengande, og som fører til at arbeidstakarane må utføre eit arbeid til ulike tider over eit fastlagt tidsrom av dagar eller veker,
6. «skiftarbeidar» alle arbeidstakarar med ein arbeidsplan som inneber skiftarbeid,
7. «mobil arbeidstakar» alle arbeidstakarar som er tilsette som reisande eller flygande personell av eit føretak som driv persontransport på veg, i lufta eller på innlandsvassvegar,
8. «offshorearbeid» arbeid som hovudsakleg vert utført på eller frå offshoreinstallasjonar (medrekna boreplattformer), direkte eller indirekte i samband med leiting, utvinning eller utnytting av mineralressursar, medrekna hydrokarbon, og dykking i samband med slik verksemd, anten frå ein offshoreinstallasjon eller eit fartøy,

9. «tilstrekkeleg kvile» at arbeidstakarane får jamlege kvileperiodar der tidslengda er uttrykt i tidseiningar, og som er tilstrekkeleg lange og samanhengande til å sikre at arbeidstakarane ikkje skadar seg sjølve, kollegaene sine eller andre som følgje av trøytteleik eller skiftande arbeidsrytme, og at dei ikkje skadar helsa si, verken på kort eller på lang sikt.

KAPITTEL 2

MINSTEPERIODAR FOR KVILE — ANDRE ASPEKT VED ORGANISERING AV ARBEIDSTIDA

Artikkel 3

Døgnkvil

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle arbeidstakarar får ein minsteperiode for døgnkvil på minst elleve samanhengande timar for kvar periode på 24 timar.

Artikkel 4

Pausar

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle arbeidstakarar får ein pause dersom den daglege arbeidstida overstig seks timar; dei nærmare reglane for pausen, særleg lengda og vilkåra for tildeling, skal fastsetjast ved tariffavtaler eller avtaler som er gjorde mellom partane i arbeidslivet eller, dersom dette ikkje er mogleg, ved nasjonal lovgjeving.

Artikkel 5

Vekekvil

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle arbeidstakarar for kvar sjudagarsperiode får ein minsteperiode for kvile på minst tjuefire samanhengande timar, i tillegg til dei elleve timane for døgnkvil som er nemnde i artikkel 3.

Dersom objektive eller tekniske grunnar eller omstende som har med organiseringa av arbeidet gjer det rettkome, kan det fastsetjast ein minsteperiode på 24 timars kvile.

Artikkel 6

Øvre grense for arbeidstid per veke

Medlemsstatane skal, i medhald av krava om vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane, gjere dei tiltaka som er naudsynte for å

- avgrense arbeidstida per veke ved hjelp av lover eller forskrifter, eller ved hjelp av tariffavtaler eller avtaler som er gjorde mellom partane i arbeidslivet,
- at den gjennomsnittlege arbeidstida for kvar sjudagarsperiode ikkje overstig 48 timar, medrekna overtid.

Artikkel 7

Årleg ferie

- Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle arbeidstakarar får ein årleg betalt ferie på minst fire veker, i samsvar med dei vilkåra for rett til og tildeling av slik ferie som er fastsette ved nasjonal lovgjeving og/eller praksis.
- Minsteperioden for årleg betalt ferie kan ikkje bytast ut med ei økonomisk godtgjersle, bortsett frå i tilfelle der arbeidstillhøvet tek slutt.

KAPITTEL 3

NATTARBEID — SKIFTARBEID — ARBEIDSRYTME

Artikkel 8

Tidslengda på nattarbeid

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at

- den normale arbeidstida for nattarbeidarar ikkje overstig åtte timar i gjennomsnitt per periode på 24 timar,
- nattarbeidarar som har eit arbeid som inneber særleg risiko eller store fysiske eller mentale påkjenningar, ikkje arbeider meir enn åtte timar innanfor eit tidsrom på 24 timar når dei utfører nattarbeid.

For føremåla med bokstav b) skal arbeid som inneber særleg risiko eller større fysiske eller mentale påkjenningar, definerast ved nasjonal lovgjeving og/eller praksis eller i tariffavtaler eller avtaler som er gjorde mellom partane i arbeidslivet, samstundes som det vert teke omsyn til dei særlege verknadene og risikoane som har samband med nattarbeid.

Artikkel 9

Helsekontroll og overføring av nattarbeidarar til dagararbeid

- Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for
 - å sikre nattarbeidarar ein gratis helsekontroll før dei vert sette til arbeidet og deretter med jamne mellomrom,
 - at nattarbeidarar som lir av helseproblem som påviseleg har samheng med at dei utfører nattarbeid, om mogleg vert overførde til eit dagararbeid som dei er skikka til.
- Den gratis helsekontrollen som er nemnd i nr. 1 bokstav a), skal vere underlagd teieplikta til lækjaren.
- Den gratis helsekontrollen som er nemnd i nr. 1 bokstav a), kan vere ein del av den nasjonale helsetenesta.

*Artikkel 10***Garantiar ved nattarbeid**

Medlemsstatane kan fastsetje at arbeid som vert utført av visse kategoriar nattarbeidarar, skal vere omfatta av visse garantiar, på vilkår som er fastsette ved nasjonal lovgjeving og/eller praksis, for arbeidstakarar som utset seg for ein tryggleiks- eller helserisiko i samband med nattarbeid.

*Artikkel 11***Melding ved jamleg bruk av nattarbeidarar**

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at ein arbeidsgjevar som jamleg nyttar nattarbeidarar, på oppmoding melder frå til dei rette styresmaktene om dette.

*Artikkel 12***Vern av tryggleiken og helsa**

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for

- a) å sikre nattarbeidarar og skiftarbeidarar eit nivå for vern av tryggleik og helse som står i høve til den typen arbeid dei utfører,
- b) at eigna vernetenester og førebyggjande tenester og middel i samband med tryggleiken og helsa til nattarbeidarar og skiftarbeidarar skal svare til dei som gjeld for andre arbeidstakarar, og vere tilgjengelege til kvar tid.

*Artikkel 13***Arbeidsrytme**

Medlemsstatane skal gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at ein arbeidsgjevar som planlegg å organisere arbeidet etter ein viss rytme, tek omsyn til det allmenne prinsippet om at arbeidet skal tilpassast mennesket, særleg med sikte på å dempe verknadene av monotont arbeid og einsformig oppattakande arbeid, alt etter kva type verksemd det gjeld og krava til tryggleik og helse, særleg med omsyn til pausar i arbeidstida.

KAPITTEL 4**YMSE FØRESEGNAR***Artikkel 14***Meir spesifikke fellesskapsføresegner**

Dette direktivet skal ikkje nyttast når andre fellesskapsdokument inneheld meir spesifikke krav med omsyn til organisering av arbeidstida for visse yrke eller former for yrkesverksemd.

*Artikkel 15***Gunstigare føresegner**

Dette direktivet skal ikkje røre ved den retten som medlemsstatane har til å nytte eller innføre lover eller forskrifter som er gunstigare for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane, eller til å fremje eller tillate bruken av tariffavtaler eller avtaler som er gjorde mellom partane i arbeidslivet som er gunstigare for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane.

*Artikkel 16***Referanseperiodar**

Medlemsstatane kan fastsetje følgjande:

- a) ved gjennomføringa av artikkel 5 (vekekvil), ein referanseperiode som ikkje overstig 14 dagar,
- b) ved gjennomføringa av artikkel 6 (øvre grense for arbeidstid per veke), ein referanseperiode som ikkje overstig fire månader.

Dei årlege periodane med betalt ferie som vert tildelte i samsvar med artikkel 7, og periodar med sjukepermisjon, skal ikkje takast med eller skal vere nøytrale når gjennomsnittet vert rekna ut,

- c) ved gjennomføringa av artikkel 8 (tidslengda på nattarbeid), ein referanseperiode som er definert i samråd med partane i arbeidslivet eller i tariffavtaler eller avtaler som er gjorde mellom partane i arbeidslivet på nasjonalt eller regionalt plan.

Dersom den minsteperioden for vekekvil på 24 timar som er fastsett i artikkel 5, fell innanfor denne referanseperioden, skal han ikkje takast med når gjennomsnittet vert rekna ut.

KAPITTEL 5**UNNTAK***Artikkel 17***Unntak**

1. Samstundes som dei allmenne prinsippa for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane vert haldne ved lag, kan medlemsstatane fråvike artikkel 3, 4, 5, 6, 8 og 16 når tidslengda på arbeidstida, på grunn av særlege trekk ved den verksemda som vert utført, ikkje vert målt og/eller fastsett på førehand eller kan fastsetjast av arbeidstakarane sjølve, særleg når det dreier seg om

- a) overordna med leiarfunksjonar eller andre personar med uavhengig avgjerdsmynd, eller
- b) arbeidande familiemedlemmer, eller
- c) arbeidstakarar med arbeid i samband med religiøse seremoniar i kyrkjer og trussamfunn.

2. Unntak som er fastsette i nr. 3, 4 og 5, kan gjerast ved lover og forskrifter eller ved tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet, på det vilkåret at dei arbeidstakarane som det gjeld, får tildelt tilsvarande kompenserande kvileperiodar, eller at det i særlege tilfelle der det ikkje er mogleg å tildele slike kompenserande kvileperiodar av objektive grunnar, vert sytt for at dei arbeidstakarane som det gjeld, får høveleg vern.

3. I samsvar med nr. 2 i denne artikkelen kan det gjerast unntak frå artikkel 3, 4, 5, 8 og 16

- a) for verksemd der det er avstand mellom arbeidsstaden og bustaden til arbeidstakaren, medrekna offshorearbeid, eller mellom dei ulike arbeidsstadene til arbeidstakaren,
- b) for vakt- og overvakingsverksemd som krev permanent nærvær for å verne eigedom og personar, særleg når det dreier seg om vakter, portnarar eller vaktelskap,
- c) for verksemd som gjer det naudsynt å sikre vedvarande tenester eller produksjon, særleg når det dreier seg om
 - i) tenester knytte til mottak, behandling og/eller pleie ved sjukehus eller liknande institusjonar, medrekna verksemd som vert utøvd av lækjarar under utdanning, døgningstitusjonar og fengsel,
 - ii) personar som arbeider i hamner eller ved lufthamner,
 - iii) presse, radio, fjernsyn, filmproduksjon, post- og telekommunikasjon, ambulanseteneste, brannvesen eller sivil vernebuving,
 - iv) produksjon, overføring og distribusjon av gass, vatn eller elektrisitet, renovasjonsvesen og avfallsforbrenningsanlegg,
 - v) industriar der arbeidsprosessane ikkje kan avbrytast av tekniske grunnar,
 - vi) forskings- og utviklingsverksemd,
 - vii) landbruk,
 - viii) arbeidstakarar som arbeider med persontransport i byrute,
- d) ved forventa ekstraarbeid, særleg innanfor
 - i) landbruket,
 - ii) turistnæringa,
 - iii) posttenestene,
- e) for personar som arbeider innanfor jarnbanetransport
 - i) i periodisk verksemd,
 - ii) som nyttar arbeidstida si om bord på tog, eller
 - iii) i verksemd som er knytt til rutetabellar, og som skal sikre samanhengande og jamleg trafikk,

f) under dei omstenda som er nemnde i artikkel 5 nr. 4 i direktiv 89/391/EØF,

g) ved ulukker eller trugande fare for ulukke.

4. I samsvar med nr. 2 i denne artikkelen kan det gjerast unntak frå artikkel 3 og 5

- a) for skiftarbeid, kvar gong arbeidstakaren byter skift og ikkje får døgnavil og/eller vekevil mellom slutten av éitt skift og byrjinga av det neste,
- b) for verksemd som er kjenneteikna ved arbeidsperiodar som er delte opp gjennom heile dagen, særleg for personar som arbeider med reingjering.

5. I samsvar med nr. 2 i denne artikkelen kan det gjerast unntak frå artikkel 6 og artikkel 16 bokstav b) for lækjarar under utdanning, i samsvar med føresegnene i andre til sjuande leddet i dette nummeret.

Med omsyn til artikkel 6 skal dei unntaka som er nemnde i første leddet, tillatast i ein overgangsperiode på fem år rekna frå 1. august 2004.

Dersom det er naudsynt, kan medlemsstatane gjevast ytterlegare to år for å ta omsyn til vanskar med å stette arbeidstidsføresegnene med omsyn til det ansvaret dei har for å organisere og yte helsetenester og lækjarhjelp. Minst seks månader før utgangen av overgangsperioden skal den medlemsstaten som det gjeld, melde frå til Kommissjonen og opplyse om grunnane, slik at Kommissjonen etter høveleg samråd kan gje fråsegna si innan tre månader etter at han har motteke desse opplysningane. Dersom medlemsstaten ikkje følgjer fråsegna til Kommissjonen, skal han grunnkje avgjerda si. Meldinga og grunnkjevinga frå medlemsstaten, saman med fråsegna frå Kommissjonen, skal offentleggjerast i *Tidend for Den europeiske unionen* og sendast over til Europaparlamentet.

Dersom det er naudsynt, kan medlemsstatane gjevast eit tidsrom på endå eitt år for å ta omsyn til dei særlege vanskanene med å stette dei ansvarsområda som er nemnde i tredje leddet. Dei skal følgje den framgangsmåten som er fastsett i det nemnde leddet.

Medlemsstatane skal sikre at arbeidstida per veke ikkje i noko tilfelle overstig eit gjennomsnitt på 58 timar i dei første tre åra av overgangsperioden, eit gjennomsnitt på 56 timar i dei påfølgjande to åra og eit gjennomsnitt på 52 timar i den perioden som eventuelt står att.

Arbeidsgjevaren skal rådspørje representantane for arbeidstakarane i god tid for om mogleg å kome fram til ei avtale om dei ordningane som skal gjelde i overgangsperioden. Innan dei fristane som er fastsette i femte leddet, kan ei slik avtale omfatte

- a) det gjennomsnittlege talet på arbeidstimar per veke i overgangsperioden, og
- b) dei tiltaka som skal vedtakast for å redusere talet på arbeidstimar per veke til eit gjennomsnitt på 48 innan utgangen av overgangsperioden.

Med omsyn til artikkel 16 bokstav b) skal dei unntaka som er nemnde i første leddet, tillatast på det vilkåret at referanseperioden ikkje overstig tolv månader i første delen av den overgangsperioden som er fastsett i femte leddet, og deretter seks månader.

Artikkel 18

Unntak ved tariffavtaler

Det kan gjerast unntak frå artikkel 3, 4, 5, 8 og 16 ved tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet på nasjonalt eller regionalt plan, eller i samsvar med reglar som desse partane har fastsett ved tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet på eit lågare nivå.

I medlemsstatar der det ikkje ligg føre noka lovfesta ordning for å inngå tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet på nasjonalt eller regionalt plan på dei områda som er omfatta av dette direktivet, eller i medlemsstatar der det finst ei særleg lovgjevingssamme for dette føremålet, og då innanfor grensene til denne ramma, kan det i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis tillatast unntak frå artikkel 3, 4, 5, 8 og 16 ved at det vert inngått tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet på eit høveleg kollektivt nivå.

Dei unntaka som er fastsette i første og andre leddet, skal tillatast på det vilkåret at dei arbeidstakarane som det gjeld, får tildelt tilsvarende kompensering kvileperiodar, eller dersom det i særlege tilfelle der det ikkje er mogleg å tildele slike kompensering kvileperiodar av objektive grunnar, vert sytt for at dei arbeidstakarane som det gjeld, får høveleg vern.

Medlemsstatane kan fastsetje reglar

- a) for korleis partane i arbeidslivet skal nytte denne artikkelen, og
- b) for korleis føresegnene i tariffavtaler eller avtaler som er gjorde i samsvar med denne artikkelen, skal utvidast til å gjelde for andre arbeidstakarar i samsvar med nasjonal lovgjeving og/eller praksis.

Artikkel 19

Avgrønsingar i unntak frå referanseperiodane

Høvet til å gjere unntak frå artikkel 16 bokstav b), som er fastsett i artikkel 17 nr. 3 og i artikkel 18, må ikkje føre til at det vert fastsett ein referanseperiode som overstig seks månader.

Medlemsstatane skal likevel, på det vilkåret at dei allmenne prinsippa for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane vert stetta, ha høve til at det av objektive eller tekniske grunnar eller av grunnar som er knytte til organiseringa av arbeidet, i tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet vert fastsett referanseperiodar som ikkje under nokon omstende må overstige tolv månader.

Innan 23. november 2003 skal Rådet, på grunnlag av eit framlegg frå Kommissjonen og ein medfølgjande vurderingsrapport, granske føresegnene i denne artikkelen på nytt og avgjere kva tiltak som skal gjerast.

Artikkel 20

Mobile arbeidstakarar og offshorearbeid

1. Artikkel 3, 4, 5 og 8 skal ikkje nyttast på mobile arbeidstakarar.

Medlemsstatane skal likevel gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at mobile arbeidstakarar har rett til tilstrekkeleg kvile, bortsett frå under dei omstenda som er fastsette i artikkel 17 nr. 3 bokstav f) og g).

2. På det vilkåret at dei allmenne prinsippa for vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane vert stetta, og på det vilkåret at det er halde samråd mellom dei partane i arbeidslivet som det kjem ved, og dessutan at det er gjort ein innsats for å oppmuntre til alle relevante former for dialog mellom partane i arbeidslivet, medrekna tingingar dersom partane ønskjer det, kan medlemsstatane av objektive eller tekniske grunnar eller av grunnar som er knytte til organiseringa av arbeidet, utvide den referanseperioden som er nemnd i artikkel 16 bokstav b) til tolv månader for arbeidstakarar som hovudsakleg utfører offshorearbeid.

3. Kommissjonen skal seinast 1. august 2005, etter samråd med medlemsstatane og partane i arbeidslivet på europeisk plan, vurdere korleis føresegnene om arbeidstakarar i offshoreindustrien er gjennomførde ut frå eit helse- og tryggleiksmessig synspunkt med sikte på å gjere eventuelle framlegg om høvelege endringar.

Artikkel 21

Arbeidstakarar om bord på sjøgåande fiskefartøy

1. Artikkel 3, 4, 5, 6 og 8 skal ikkje nyttast på arbeidstakarar om bord på sjøgåande fiskefartøy som seglar under flagget til ein medlemsstat.

Medlemsstatane skal likevel gjere dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at alle arbeidstakarar om bord på eit sjøgåande fiskefartøy som seglar under flagget til ein medlemsstat, har rett til tilstrekkeleg kvile og til å avgrønsa arbeidstida til gjennomsnittleg 48 timar per veke, rekna ut gjennom ein referanseperiode som ikkje overstig tolv månader.

2. Innanfor dei grensene som er fastsette i nr. 1 andre leddet og nr. 3 og 4, skal medlemsstatane gjere dei tiltaka som er naudsynte, i samsvar med trongen for å verne tryggleiken og helsa til desse arbeidstakarane, for å sikre at

- a) arbeidstida vert avgrønsa til eit høgste timetal som ikkje skal overstigast innanfor ein viss periode, eller
- b) det vert fastsett eit minste timetal for kvile innanfor ein viss periode.

Det høgste talet på arbeidstimar eller minste talet på timar for kvile skal fastsetjast ved lover og forskrifter eller ved tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet.

3. Grensene for arbeids- eller kviletid skal fastsetjast anten som

- a) eit høgste tal på arbeidstimar som ikkje skal overstige
 - i) 14 timar i kvar periode på 24 timar, og
 - ii) 72 timar i kvar periode på sju dagar, eller
- b) eit minste timetal for kvile som ikkje skal vere mindre enn
 - i) 10 timar i kvar periode på 24 timar, og
 - ii) 77 timar i kvar periode på sju dagar,

4. Kviletida kan delast inn i høgst to periodar, der den eine skal vere minst seks timar lang, og intervallet mellom to kvileperiodar som følgjer etter kvarandre, skal ikkje overstige 14 timar.

5. I samsvar med dei allmenne prinsippa for vern av helsa og tryggleiken til arbeidstakarane, og av objektive eller tekniske grunnar eller av grunnar som er knytte til organiseringa av arbeidet, kan medlemsstatane gjere unntak frå dei grensene som er fastsette i nr. 1 andre leddet og i nr. 3 og 4, medrekna fastsetjing av referanseperiodar. Slike unntak skal så langt som råd er, stette dei standardane som er fastsette, men dei kan ta omsyn til hyppigare eller lengre friperiodar eller til innvilging av avspasering til arbeidstakarane. Desse unntaka kan fastsetjast ved

- a) lover og forskrifter, på det vilkåret at representantane for arbeidsgjevarane og arbeidstakarane som det gjeld, vert rådspurde, og at det vert lagt vinn på å oppmuntre til alle relevante former for dialog mellom partane i arbeidslivet, eller
- b) tariffavtaler eller avtaler mellom partane i arbeidslivet.

6. Skipsføraren på eit sjøgåande fiskefartøy skal ha rett til å krevje at arbeidstakarane om bord arbeider det timetalet som er naudsynt for å sikre den direkte tryggleiken til fartøyet, dei som er om bord, eller lasta, eller for å hjelpe andre fartøy eller personar i havsnaud.

7. Medlemsstatane kan fastsetje at arbeidstakarane om bord på sjøgåande fiskefartøy som i medhald av nasjonal lovgjeving eller praksis kan drive fiske i et visst tidsrom i kalenderåret som overstig éin månad, skal ta ut årleg ferie innanfor det nemnde tidsrommet, i samsvar med artikkel 7.

Artikkel 22

Ymse føresegner

1. Ein medlemsstat skal ha høve til å la vere å nytte artikkel 6 dersom dei allmenne prinsippa om vern av tryggleiken og helsa til arbeidstakarane vert stetta, og dersom han gjer dei tiltaka som er naudsynte for å sikre at

- a) ► C1 ingen arbeidsgjevar krev at ein arbeidstakar arbeider meir enn 48 timar i ein sjudagarsperiode, rekna ut som eit gjennomsnitt for den referanseperioden som er nemnd i artikkel 16 bokstav b), med mindre arbeidstakaren har gjeve samtykke til å utføre eit slikt arbeid, ◀

- b) ingen arbeidstakar lir skade av at han eller ho ikkje er villig til å gje samtykke til å utføre eit slikt arbeid,
- c) arbeidsgjevaren fører ajourførde register over alle arbeidstakarar som utfører eit slikt arbeid,
- d) registra vert stilt til rådvelde for dei rette styresmaktene, som av omsyn til tryggleiken og/eller helsa til arbeidstakarane kan forby eller avgrense høvet til å overstige den øvre grensa for talet på arbeidstimar per veke,
- e) arbeidsgjevaren på oppmoding frå dei rette styresmaktene gjev dei opplysningar om tilfelle der arbeidstakarane har gjeve samtykke til å utføre arbeid som overstig 48 timar i ein sjudagarsperiode, rekna ut som eit gjennomsnitt for den referanseperioden som er nemnd i artikkel 16 bokstav b).

Innan 23. november 2003 skal Rådet, på grunnlag av eit framlegg frå Kommissjonen og ein medfølgjande vurderingsrapport, granske føresegnene i dette nummeret på nytt og avgjere kva tiltak som skal gjerast.

2. Med omsyn til bruken av artikkel 7, skal medlemsstatane ha høve til å nytte ein overgangsperiode på høgst tre år rekna frå 23. november 1996, på det vilkåret at det i overgangsperioden vert sikra at

- a) kvar arbeidstakar får ein årleg betalt ferie på tre veker, i samsvar med dei vilkåra som er fastsette for retten til og tildelinga av slik ferie ved nasjonal lovgjeving og/eller praksis, og
- b) perioden med tre veker årleg betalt ferie ikkje kan bytast ut med ei økonomisk godtgjersle, bortsett frå i tilfelle der arbeidstilhøvet tek slutt.

3. Dersom medlemsstatane nyttar seg av dei høva som er fastsette i denne artikkelen, skal dei straks melde frå til Kommissjonen om dette.

KAPITTEL 6

SLUTTFØRESEGNER

Artikkel 23

Vernenivå

Med atterhald for den retten medlemsstatane har til å utarbeide lover, forskrifter og avtaleføresegner som gjeld arbeidstid på bakgrunn av at situasjonen endrar seg, så lenge dei minstekrava som er fastsette i dette direktivet, vert stetta, skal gjennomføringa av dette direktivet ikkje danne grunnlag for å senke det allmenne nivået for vern av arbeidstakarane.

*Artikkel 24***Rapportering**

1. Medlemsstatane skal sende Kommisjonen teksta til dei internrettslege føresegnene som dei alt har vedteke eller som dei vedtek på det området som dette direktivet omfattar.

2. Medlemsstatane skal kvart femte år leggje fram for Kommisjonen ein rapport om den praktiske gjennomføringa av føresegnene i dette direktivet, og skal samstundes gje opplysningar om synspunkta til partane i arbeidslivet.

Kommisjonen skal melde frå til Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Det rådgjevande utvalet for tryggleik, hygiene og helsevern på arbeidsplassen om dette.

3. Kommisjonen skal kvart femte år rekna frå 23. november 1996 leggje fram for Europaparlamentet, Rådet og Det europeiske økonomi- og sosialutvalet ein rapport om korleis dette direktivet vert nytta, samstundes som det vert teke omsyn til artikkel 22 og 23 og til nr. 1 og 2 i denne artikkelen.

*Artikkel 25***Vurdering av korleis føresegnene om arbeidstakarar om bord på sjøgående fiskefartøy er gjennomførde**

Kommisjonen skal seinast 1. august 2009, etter å ha rådført seg med medlemsstatane og partane i arbeidslivet på europeisk plan, vurdere korleis føresegnene om arbeidstakarar om bord på sjøgående fiskefartøy er gjennomførde, og særleg granske om desse føresegnene framleis er føremålstenlege med omsyn til helse og tryggleik, med sikte på å gjere framlegg til høvelege endringar dersom det er naudsynt.

*Artikkel 26***Vurdering av korleis føresegnene om arbeidstakarar som arbeider med persontransport er gjennomførde**

Kommisjonen skal seinast 1. august 2005, etter å ha rådført seg med medlemsstatane og partane i arbeidslivet på europeisk plan, vurdere korleis føresegnene om arbeidstakarar som

arbeider med persontransport i byrute er gjennomførde, med sikte på å gjere framlegg om høvelege endringar dersom det er naudsynt, for å sikre ein samanhengande og føremålstenleg tilnæringsmåte i denne sektoren.

*Artikkel 27***Oppheving**

1. Direktiv 93/104/EF, endra ved det direktivet som er nemnt i vedlegg I del A, vert oppheva, utan at det rører ved dei pliktene som medlemsstatane har med omsyn til dei fristane for innarbeiding som er fastsette i vedlegg I del B.

2. Tilvisingane til det førnemnde direktivet skal forståast som tilvisingar til dette direktivet, og skal lesast i samsvar med jamføringstabellen i vedlegg II.

*Artikkel 28***Iverksetjing**

Dette direktivet tek til å gjelde 2. august 2004.

*Artikkel 29***Adressatar**

Dette direktivet er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 4. november 2003.

For Europaparlamentet

P. COX

President

For Rådet

G. TREMONTI

Formann

VEDLEGG I

DEL A

OPPHEVA DIREKTIV MED ENDRING

(Artikkel 27)

Rådsdirektiv 93/104/EF

TEF L 307 av 13.12.1993, s. 18

Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/34/EF

TEF L 195 av 1.8.2000, s. 41

DEL B

FRISTAR FOR INNARBEIDING I NASJONAL LOVGJEVING

(Artikkel 27)

Direktiv	Frist for innarbeiding
93/104/EF	23. november 1996
2000/34/EF	1. august 2003 ⁽¹⁾

⁽¹⁾ 1. august 2004 for lækjarar under utdanning. Sjå artikkel 2 i direktiv 2000/34/EF.

VEDLEGG II
JAMFØRINGSTABELL

Direktiv 93/104/EF	Dette direktivet
Artikkel 1-5	Artikkel 1-5
Artikkel 6, innleiande del	Artikkel 6, innleiande del
Artikkel 6 nr. 1	Artikkel 6 bokstav a)
Artikkel 6 nr. 2	Artikkel 6 bokstav b)
Artikkel 7	Artikkel 7
Artikkel 8, innleiande del	Artikkel 8, innleiande del
Artikkel 8 nr. 1	Artikkel 8 bokstav a)
Artikkel 8 nr. 2	Artikkel 8 bokstav b)
Artikkel 9, 10 og 11	Artikkel 9, 10 og 11
Artikkel 12, innleiande del	Artikkel 12, innleiande del
Artikkel 12 nr. 1	Artikkel 12 bokstav a)
Artikkel 12 nr. 2	Artikkel 12 bokstav b)
Artikkel 13, 14 og 15	Artikkel 13, 14 og 15
Artikkel 16, innleiande del	Artikkel 16, innleiande del
Artikkel 16 nr. 1	Artikkel 16 bokstav a)
Artikkel 16 nr. 2	Artikkel 16 bokstav b)
Artikkel 16 nr. 3	Artikkel 16 bokstav c)
Artikkel 17 nr. 1	Artikkel 17 nr. 1
Artikkel 17 nr. 2, innleiande del	Artikkel 17 nr. 2
Artikkel 17 nr. 2.1	Artikkel 17 nr. 3 bokstav a)-e)
Artikkel 17 nr. 2.2	Artikkel 17 nr. 3) bokstav f)-g)
Artikkel 17 nr. 2.3	Artikkel 17 nr. 4
Artikkel 17 nr. 2.4	Artikkel 17 nr. 5
Artikkel 17 nr. 3	Artikkel 18
Artikkel 17 nr. 4	Artikkel 19
Artikkel 17a nr. 1	Artikkel 20 nr. 1 første leddet
Artikkel 17a nr. 2	Artikkel 20 nr. 1 andre leddet
Artikkel 17a nr. 3	Artikkel 20 nr. 2
Artikkel 17a nr. 4	Artikkel 20 nr. 3
Artikkel 17b nr. 1	Artikkel 21 nr. 1 første leddet
Artikkel 17b nr. 2	Artikkel 21 nr. 1 andre leddet
Artikkel 17b nr. 3	Artikkel 21 nr. 2
Artikkel 17b nr. 4	Artikkel 21 nr. 3
Artikkel 17b nr. 5	Artikkel 21 nr. 4
Artikkel 17b nr. 6	Artikkel 21 nr. 5
Artikkel 17b nr. 7	Artikkel 21 nr. 6
Artikkel 17b nr. 8	Artikkel 21 nr. 7
Artikkel 18 nr. 1 bokstav a)	—
Artikkel 18 nr. 1 bokstav b) i)	Artikkel 22 nr. 1
Artikkel 18 nr. 1 bokstav b) ii)	Artikkel 22 nr. 2
Artikkel 18 nr. 1 bokstav c)	Artikkel 22 nr. 3
Artikkel 18 nr. 2	—
Artikkel 18 nr. 3	Artikkel 23
Artikkel 18 nr. 4	Artikkel 24 nr. 1

Direktiv 93/104/EF	Dette direktivet
Artikkel 18 nr. 5	Artikkel 24 nr. 2
Artikkel 18 nr. 6	Artikkel 24 nr. 3
—	Artikkel 25 ⁽¹⁾
—	Artikkel 26 ⁽²⁾
—	Artikkel 27
—	Artikkel 28
Artikkel 19	Artikkel 29
—	Vedlegg I
—	Vedlegg II

⁽¹⁾ Direktiv 2000/34/EF, artikkel 3.
⁽²⁾ Direktiv 2000/34/EF, artikkel 4.